

Til  
Departementa og Statsministerens kontor

Rundskriv R-4/2000

Dykker ref

Vår ref  
2000/1529 C TT/ISa

Dato  
7.6.2000

## TILLEGG TIL HOVUDBUDSJETTSKRIV FOR 2001

### RETNINGSLINJER FOR ARBEIDET MED FORSLAG TIL RAMMEFORDELING, FAGPROPOSISJON OG GUL BOK

Hovudbudsjettskrivet for 2001 - Rundskriv R-3/2000 (datert 27.3.2000) - inneholder generelle retningslinjer for arbeidet med forslaget til budsjett for 2001. I dette rundskrivet gir Finansdepartementet rettleiing for det vidare arbeidet etter budsjettkonferansen i Regjeringa 22.-23. mai.

Budsjettskrivet har dette innhaldet:	Side
1 Aktuell budsjettkalender	2
2 Rammefordelingsforslaget	2
3 Gul bok 2001	7
4 Fagproposisjonane - tekniske direktiv	10
5 Krav til innhaldet i fagproposisjonane	12
6 Særskilt om tilskottsløyvingar	16
7 Budsjettforslag som har verknad for kommunar og fylkeskommunar	17
8 Overslag over behov for tilleggsløyvingar 2. halvår for 2000-budsjettet	17
9 Teieplikt og unntak frå offentleggjering	18

## **1 BUDSJETTKALENDER FOR 2001-BUDSJETTET**

11. juni: Frist for å sende inn organisatoriske stillingsforslag
28. juli: Forslag til rammefordeling skal sendast til Finansdepartementet  
Utkast til "romartalsvedtak" skal sendast til Finansdepartementet
1. august: Frist for å sende inn bidrag om samiske saker til KRD
30. august: Regjeringa si endelege vurdering av budsjettforslaget med fordeling av profilavsetjinga
1. september: Førsteutkast til fagproposisjon skal leverast til Finansdepartementet
6. september: Tekst til Gul bok skal leverast til Finansdepartementet
11. september: Manuskript til fagproposisjon må leverast til trykking
15. september: Fagproposisjonane går i statsråd
22. september: Gul bok går i statsråd
4. oktober: Budsjettet blir lagt fram for Stortinget

## **2 RAMMEFORDELINGSFORSLAGET**

### **2.1 Retningslinjer for utarbeiding av rammefordelingsforslaget**

Vi viser generelt til Hovudbudsjetttskrivet, rundskriv R-3/00 pkt. 4.

Dei prinsippa som ligg til grunn for retningslinjene for å utarbeide rammefordelingsforslaget for 2001, er ikkje endra frå i fjar. Punktvise kan retningslinjene oppsummerast slik:

- 1 Departementa skal utarbeide forslag til rammefordeling i samsvar med dei føresetnader og innanfor dei utgiftsrammer som Regjeringa har vedteke, og sende det til Finansdepartementet innan 28. juli. Forslaget skal ha fordeling på kapittel og post. Post 1 og 24 skal også ha fordeling på underpostar. Sjå nærmare omtale under pkt. 2.3.2. der det går fram at dei andre postane i rammefordelingsforslaget teknisk skal gjevast opp med underpost 0 på disketten som blir levert Finansdepartementet.
- 2 Det er ikkje høve til å kome med forslag som inneber auka budsjetttramme.
- 3 Som tillegg til den fastsette budsjetttramma kan eit departement likevel innarbeide forslag til utgifter mot tilsvarande meirinntekter. Dette gjeld berre dei inntektstypar som går inn under meirinntektsfullmakta (jf. kap. 6 i del II i Veiledning i statlig budsjettarbeid – oppdatert utgåve er lagt ut på internett på Finansdepartementets web-side [www.finans.dep.no](http://www.finans.dep.no)).

- 4 Rammetal er fastsett for programområde. Som hovudregel kan det i forslaget til rammefordeling prioriterast fritt innanfor programområdet, med unntak som nemnd under pkt. 5, 6 og 7. Eit departement som har fleire programområde, har høve til å omdisponere mellom dei. Den delen av ei ramme som ikkje kan disponerast fritt, vil bli "stjernemerkt" av Finansdepartementet.
- 5 Det skal budsjetterast realistisk, sjå § 4 i 1øyvingsreglementet. Det er ein generell føresetnad at det ikkje kan omdisponerast frå regelstyrte og lovbundne løyvingar dersom dette ikkje blir kopla med reelle regelendringar. Dersom ein no kjem til at utgiftene i 2001 blir lågare enn tidlegare rekna med, kan mindreutgifta ikkje nyttast til nye tiltak eller utviding av reglar, men må haldast udisponert.
- 6 Det er i hovudsak ikkje høve til å omprioritere frå løyvingar som inngår i det kommuneøkonometiske opplegget. Ein kan heller ikkje flytte midlar frå rammetilskott til øyremerkte tilskott utan at dette er godkjent av Finansdepartementet og Kommunaldepartementet som reelle funksjonsendringar.
- 7 Det er viktig at kvart departement gjer prioriteringar som byggjer opp om dei satsingsområda Regjeringa har fastsett, og at rammefordelinga får ei utforming som heile Regjeringa kan stille seg bak. Ved fordeling av profilpotten vil det òg bli lagt vekt på at departementa følgjer opp Regjeringa sine hovudprioriteringar innanfor eigne rammer. Eit departement kan foreslå å erstatte tiltak som er godkjende ført til profilbehandling, med andre tiltak av same omfang. Regjeringa vil avgjere slike saker på augustkonferansen.
- 8 Forslaget til rammefordeling skal vere kortfatta og poengtert slik at hovudprioriteringane kjem klart fram. Arbeidet bør leggjast opp slik at det går inn som ein del av det generelle arbeidet med fagproposisjonen. Hovudvekta skal leggjast på å gjere greie for og grunngi større reelle endringar samanlikna med saldert budsjett 2000.

#### Departementa må

- få klart fram korleis rammefordelinga samsvarer med dei sentrale politiske satsingsområda
  - få fram dei økonomiske og administrative konsekvensane av nye tiltak, og kva nytteverknaden vil bli
  - gjere greie for om tiltaket vil kunne føre til binding på statsbudsjettet
  - gi ei vurdering av dei regelstyrte løyvingane.
- 9 Finansdepartementet vil særleg vurdere
    - den samfunnsøkonomiske lønnsemda av nye tiltak som er tekne med innanfor budsjettamma, og at slike forslag ikkje fører til auka løyvingar etter 2001
    - om løyvingar som gjeld regelstyrte ordningar, er budsjetterte realistisk

- den allmenne realismen i budsjetteringa.

Finansdepartementet vil til budsjettkonferansen 30. august gi ei samla framstilling av dei hovudlinjene som kjem fram i forslaga til rammefordeling frå departementa med særleg vekt på korleis dei sjølve har prioritert satsingsområde det er søkt om profileringsmidlar til. Framstillinga vil òg få fram korleis den samla profilen blir i forslaget til statsbudsjett. På denne bakgrunnen vil Regjeringa gjere endeleg vedtak om fordeling av profilpotten.

## **2.2 Eventuell justering av dei fastsette rammene**

Dei rammene Regjeringa har fastsett, er endelege. Det einaste som kan kome i tillegg, utover justeringar av utgifter og inntekter som er knytte saman med meirinntektsfullmakt (sjå pkt. 3 over), er

- eventuelle tildelingar frå profilpotten, medrekna eventuelle startløyvingar til nye bygg
- påplussing som konsekvens av lønnsregulering frå 1.5.2000 for arbeidstakrar i det statlege tariffområdet; Finansdepartementet vil innarbeide konsekvensane av dette i rammene for kvart departement i materialet til regjeringskonferansen i august
- eventuelle rammeoverføringer mellom departement.

Føresetnaden for startløyving til nye bygg er som i fjar at departementet har underteikna leigeavtale med Statsbygg for alle prosjekt som går inn under ordninga med husleigebetaling. Vidare må alle bygg som skal vurderast mot profilpotten for 2001 ha godkjent kostnadsramme.

## **2.3 Den praktiske utforminga av forslaget til rammefordeling**

Vi ber om at ein i innleinga til rammefordelingsforslaget tek inn desse tabellar:

- A    Oversyn over departementet sine utgifter fordelt på programområde og programkategori med fire kolonner:
  - 1 Rekneskap 1999
  - 2 Saldert budsjett 2000
  - 3 Budsjettet si stilling for 2000 etter 1. halvår
  - 4 Departementet sitt forslag for 2001
  
- B    Oversyn over departementet sine inntekter fordelt på programområde og programkategori med 4 kolonner:
  - 1 Rekneskap 1999
  - 2 Saldert budsjett 2000
  - 3 Budsjettet si stilling for 2000 etter 1. halvår
  - 4 Departementet sitt forslag for 2001

2000-budsjettet si stilling inkluderer tilleggsloevningar første halvår 2000, jf. at ein i pkt. 8 ber særskilt om overslag for tilleggsloevningar i 2. halvår 2000. Eventuell reduksjon i loevninga som følgje av refusjon av sjukepengar skal vera medrekna.

I tillegg til det som står under pkt. 4.2 i Hovudbudsjettskrivet gjeld:

### **2.3.1 Talet på eksemplar**

Forslag til rammefordeling skal sendast til Finansdepartementet innan 28. juli 2000 i 20 eksemplar.

### **2.3.2 Fordeling på kapittel og post - bruk av edb-diskett**

Fordeling av budsjetttramma for 2001 på kapittel og post må leggjast ved som separat vedlegg (i 20 eksemplar). Papirutskrifa må ha utførleg nemning på alle kapittel, postar og underpostar og eventuelle stikkord, slik som i forslaget til vedtak.

I tillegg til papirutskrift må tala leverast på edb-diskett slik at dei automatisk kan leggjast inn i databasen til Finansdepartementet. På disketten skal ein legge inn data på følgjande format:

budsjettår, budsjetttrunde, fagdepartementnr, programområdenr, programkategorinr, kapittelnr, postnr, underpost, beløp i 1000 kroner

Til dømes:

2001	8	16	23	10	1600	21	0	21400
2001	8	16	23	10	1632	60	0	365000
2001	8	16	23	10	1651	90	0	3261700
2001	8	16	23	10	1660	88	0	1800000
2001	8	16	23	10	1661	92	0	23790000

Som det går fram av eksempelet over, har rammefordelingsforslaget fått budsjetttrunde nr 8. Denne nummereringa er innført for å gjere det sikrare å lese inn data i budsjettbasen til Finansavdelinga. For andre budsjetttrunder der det er aktuelt å levere data på diskett, vil Finansdepartementet kvar gong gi opp kva for rundenummer ein skal bruke. Felta skal vere skilde med eitt tabulatorsteg, og ein må fylle ut alle felt. Alle beløp skal ein som vanleg gi opp i 1000 kroner.

Hovudregelen er at løyvingane berre skal førast opp under kvar post, ikkje på underpost, jf. at det i taleksempelet over står null i feltet for underpost. Løyvingane til forvaltningsbedriftene under post 24 Driftsresultat skal ein gi opp på underpostnummer.

Fra og med 1998-budsjettet er postane 01 og 11 slått saman til post 1. Av omsyn til behovet for informasjon til Regjeringa i budsjettarbeidet vil det framleis vere nødvendig å halde utgifter til lønn og godtgjersle skilte fra utgifter til varer og tenester i det regjeringsinterne arbeidet (m.a. av omsyn til prisomrekning og utrekning av konsekvensane av lønnsoppgjer). Ved rapportering av driftsutgifter må post 1 difor delast i to undergrupper, 1 Lønn og godtgjersler og 2 Kjøp av varer og tenester. Dette betyr at Finansdepartementet, i budsjettbasen som blir nytta i arbeidet med statsbudsjettet, slår saman underpostane 11-19 til undergruppe 01 og underpostane 21-29 til undergruppe 02. Det står meir om dette i rundskriv R-19/97, som omtaler endringane i kontoplanen for postar og underpostar.

Som det går fram av avsnittet over, blir altså framgangsmåten for fagdepartementa den same som for innsending av rammefordelingsforslaget for 2000-budsjettet og den same som for innsending av konsekvensjusteringa for 2001 (sjå rundskriv R-12/99).

Alle data skal vere på standard DOS-formatert 3 1/2" diskett. Filnamnet skal vere RFF00fag.txt ("RFF" tyder rammefordelingsforslag, og "fag" skal ein byte ut med forkortinga for det aktuelle departementet). Fila skal vere lagra som rein tekstfil (txt) og må vere tabulatorseparert.

Spørsmål om innlevering av data på diskett kan rettast til Ann Kariin Holand tlf. 44307.

### **2.3.3 Om realistisk budsjettering**

Under arbeidet med utrekning av beløp under kapittel og post må ein følgje dei krava som blir stilte til budsjettering i staten, og som det er mint om i Hovudbudsjettettskrivet pkt. 6. Der er m.a. nemnt prinsippet om realistisk budsjettering, bruttoprinsippet og særlege reglar for statens forretningsdrift.

Finansdepartementet vil særleg minne om det som står under pkt. 6.4 i Hovudbudsjettettskrivet om at også løyvingar med stikkordet "kan overførast" må budsjetterast realistisk, dvs ikkje med større summar enn det ein trur blir utbetalt i terminen. Riksrevisjonen har overfor fleire departement kritisert store overføringer av ubrukte løyvingar. Vi ber alle departement vurdere storleiken på løyvingar med stikkordet "kan overførast" på bakgrunn av det som faktisk vart overført frå 1999 til 2000. (Sjå pkt. 4.2 under om oversynstabell for slike løyvingar.)

Dei departementa som har store overføringer frå 1999 til 2000, må leggje vekt på at løyvingsforslaget for 2001 bør vise betre samsvar med pårekna løyvingsbehov.

## **2.4 Sektorovergripande miljøvernpolitikk**

Innan 1. august 2000 skal departementa sende Miljøverndepartementet ei utgreiing om miljøprofilen i budsjettforslaget. jf. brev frå Finansdepartementet av 27. april 2000. Brevet inneheld ei oversikt over kva punkt ein skal leggje vekt på.

## **2.5 Fullmakt til å tinga utstyr og til å gi tilsegn om statstilskott og om statsgaranti**

Forslag om fullmakt til å tinga utstyr og til å gi tilsegn om statstilskott og om statsgaranti og alle andre forslag som krev romartalsvedtak, må departementa ta opp med Finansdepartementet innan 28. juli. I tråd med opplegget for dei siste åra skal ein ta med forslag om slike vedtak både i Gul bok og fagproposisjonane. Dersom ein ikkje ber om høve til å ta opp nye forpliktingar i 2001, skal ein ikkje be om stortingsvedtak berre for å markere kva som alt ligg føre av forpliktingar. Vi viser her til særskilt rundskriv R-5/95.

Det materialet som er kome inn om garantiordninga i justeringsmaterialet, vil bli gjennomgått med kvart einskilt departement.

## 2.6 Statsbankane og SIVA

Regjeringa vedtok på den første budsjettkonferansen for 2001-budsjettet lånerammer for kvar einskild statsbank. Det blir teke endeleg stilling til løyvingane til tapsfonda for risikolåneordningane under SND, og innvilgingsrammene for Husbanken i august. Finansdepartementet ber om at fagdepartementa i samsvar med desse rammene kjem med innspel om lånetransaksjonane til statsbankane saman med rammefordelingsforslaget innan 28. juli. Innspelet skal innehalde oppdaterte overslag på dei aktuelle budsjettkapitla for lån, avdrag, renter, tap og låne- og garantiprovisjonar i 2001. I tillegg ber vi om å få oppgitt pårekna tap på utlån der dette ikkje samsvarar med forslag til løyving til tapsfond.

### *Spesielt for Lånekassen for utdanning og Husbanken*

Som grunnlag for makroøkonomiske utrekningar i departementet ber vi i tillegg om å få oppgitt følgjande for Husbanken og Lånekassen for åra 2001-2005:

- gjennomsnittleg uteståande lån kvart einskilt år (renteberande og ikkje renteberande)
- pårekna renteinntekter for banken det enkelte år
- føresetnad for fordeling mellom fast og flytande rente

### *Spesielt for SND*

For SND ber vi om å få oppgitt fordeling mellom korte og lange innlån under de ulike ordningane i 2001.

Finansdepartementet vil i brev til fagdepartementa i uke 23 kome med retningslinjer for kva renteføresetnader som skal ligge til grunn for oversлага.

## 3 GUL BOK 2001

### 3.1 Eventuelle endringar i høve til rammefordelingsforslaget

Alle kapittel- og postbeløp for 2001, slik dei er ført opp i forslaget til rammefordeling, blir lagde inn i databasen i Finansdepartementet. Dersom Regjeringa eller Finansdepartementet godkjenner endringar i beløp på enkelte postar etter 28. juli 2000, skal fagdepartementet snarast råd stadfeste desse endringane på særskilt ark med dette mønsteret:

Kap.	Post	Nemning	Statsbudsjettet 2001 ± endring	Programkode

Alle endringar i nemninga på kapittel og postar må sendast inn på særskilt ark med dette mønsteret:

Kap.	Post	Nemning (berre den nye nemninga)	Programkode

### **3.2 Forslag til vedtak**

Finansdepartementet vil sende utskrift av dataregistret for 2001 til alle departementa etter regjeringskonferansen 30. august. Denne utskrifta må kvart fagdepartement kontrollere innan den fristen som blir sett. Det er fagdepartementet som har ansvar for å sjå etter at utskrifta stemmer med den fordelinga som er godkjend på kapittel og post, og at systematikken, nemningar og stikkord er rette, slik at utskrifta kan nyttast som manuskript til "Forslag til vedtak" i Gul bok.

Systematikken er som i fjar:

- Kapitla skal grupperast på vanleg måte.
- Kapittel, post og stikkord skal ha nemning på bokmål.
- Alle beløp skal førast opp fullt ut (i heile kroner).
- Beløpa skal førast opp i tre talkolonnar, med summering for programkategori og programområde. På inntektssida summerer ein berre "Departementenes inntekter" (kap. 3011 - 4799).
- Postar/kapittel utan forslag om løvning for 2001 blir ikkje ført opp.

Utgifts- og inntektskapittel som heng saman skal som tidlegare ha tilvising til kvarandre i parentes "(jf. kap.....)".

Stikkorda "omlagløyving/overslagsbevilgning", "kan overførast/kan overføres" og "kan nyttast under/kan nyttas under" må takast med etter nemninga på posten, både i Gul bok og i forslag til vedtak i fagpropositionen. Stikkorda kan berre nyttast etter godkjenning frå Finansdepartementet, og departementa må i god tid ta opp spørsmål om å knyte stikkord til nye postar.

Dersom datautskrifta kan nyttast som manuskript utan endringar, ber vi om at ho blir returnert med påteikning om dette. Eventuelle rettingar må ein føre på utskrifta samtidig med melding som nemnd under pkt. 3.1. Ein må ikkje føre på endringar som ikkje er godkjende på førehand av Finansdepartementet.

Forslag til romartalsvedtak skal takast med også i 2001. Vi ber departementa nøye følgje reglane for utforming av forslag om garantifullmakter, tilsegensfullmakter og bestillingsfullmakter slik det er gjort greie for i rundskriv R-5/95, gjengitt i Veiledning i statlig budsjettarbeid.

Forslag til romartalsvedtak skal leverast i word-format, etter dei same tekniske spesifikasjonar som for departementsomtalene i Gul bok, sjå pkt 3.3.

### **3.3 Retningslinjer for utforming av departementsomtalane i Gul bok**

For å få ein meir einsarta presentasjon av departementa sine utgifter i Gul bok, arbeide Finansdepartementet ut nærmare retningslinjer for utforminga av desse omtalane i 1997. Departementsomtalane i Gul bok for 2001 skal vere utforma på same måten som omtalane i Gul Bok for 2000. Utkast til slik omtale skal framleis bli utarbeidd av kvart einskilt departement og sendast til Finansdepartementet.

Departementsomtalane skal bestå av to hovuddelar: Ein innleiande tabell med oversyn over sjølvे løvingsforslaget og ein tekstleg omtale av prioriteringane i budsjettet under kvart einskilt departement.

#### *Oversynstabell*

Tabellen skal gi eit oversyn over budsjettforslaget på programkategori-nivå, med kolonnar for det salderte budsjettet for inneverande termin (Saldert budsjett 2000), løvingsforslag for komande termin (St. prp. nr. 1 for 2001) og prosentvis endring frå inneverande til komande termin.

Departement som har fleire programområde, skal summere kvart programområde for seg, og dei samla løvингane på departementet sine område skal summerast til slutt. Departement som har 90-postar (lånetransaksjonar), skal skilje desse ut under kvart programområde.

Dersom det er gjort større tekniske omleggingar eller liknande som fører til store endringar i løvингstala under eit departement, bør ein gi ein kort omtale av desse etter tabellen.

#### *Omtale av profilen i budsjettforslaget*

Tekstomtalen skal som nemnt over rettast inn mot prioriteringane i budsjettet. Dette inneber at ein skal fokusere på endringar i forhold til inneverande års budsjett under dei ulike områda. Omtalen skal såleis omfatte større omprioriteringar mellom område, vridingar av ressursbruken innanfor kvart område og auke og/eller reduksjonar på budsjettet til departementet. Finansdepartementet presiserer at dette ikkje inneber at ein skal fokusere på endringar på dei ulike trinna i budsjettprosessen til Regjeringa, men på samla endringar i forhold til saldert budsjett.

I tillegg til ein omtale av prioriteringane slik som omtalt over, skal ein omtale store budsjettområde der det ikkje blir gjort framlegg om større endringar særskilt. I den grad det er føremålstenleg, bør omtalen omfatte verknadsforklaringer på aggregert nivå, dvs. kva for effektar ein ventar å oppnå med dei foreslårte løvингane.

#### *Lengda på departementsomtalane*

Departementsomtalane skal få like stor plass som i Gul bok for 2000. Vi legg følgjande til grunn som øvre grense for lengda på omtalen, eksklusive tabellen, under kvart einskilt departement:

Departement	Sider i Gul bok
SHD	3 sider
KRD	1 1/2 side
SD, KUF, FIN, FD, BFD	3/4 side
Dei andre departementa	1/2 side

#### *Tekniske krav til utforminga av departementsomtalane*

Innføring av nytt grafisk designprogram for departementa blei fastsett ved kongeleg resolusjon av 9. oktober 1996. Programmet innebar mellom anna innføring av ny layout for Regjeringa sine dokument til Stortinget. Det er i regi av Statens forvaltningsteneste utarbeidd nye dokumentmalar og nytt forfattarverktøy for å sikre at designprogrammet blir gjennomført. Dei dokumentmalane som er laga til designprogrammet, er godkjende av Statsministerens kontor og Kulturdepartementet og skal alltid følgjast. Forfattarverktøyet inngår i eit

heilskapleg produksjonssystem som legg til rette for produksjon i fleire medium (MUP-prosjeket).

Designprogrammet er også gjennomført for Gul bok. Finansdepartementet har difor i samarbeid med Statens forvaltningsteneste fått utarbeidd forfattarverktøy for Gul bok, både den delen som blir skriven i Finansdepartementet, og den delen som blir skriven i fagdepartementa. Malar og stilar som blir brukte ved utforming av tekst til Gul bok skil seg berre i mindre grad frå dei generelle malane og stilane departementa er kjende med allereie. Finansdepartementet understreker likevel at det er svært viktig at dei stilane og malane som gjeld for Gul bok, blir brukte slik at dokumentet får riktig design og kan publiserast både som trykt dokument og i elektronisk form på CD-rom og på Internett. Statens forvaltningsteneste vil distribuere stilane og malane og nødvendig forfattarverktøy med brukardokumentasjon til hjelp ved utarbeidninga av bidraga frå departementa til Gul bok. Distribusjonen vil skje som vedlegg til E-post, ultimo juni, til IT-ansvarleg for kvart enkelt departement. Statens forvaltningsteneste vil gi nødvendig brukarstøtte dersom departementa har behov for det. Kontaktpersonar vil vere Cathrine Robak, tlf. 40826, for forfattaropplæring og innføring i stilar og malar, Vidar Martinsen tlf. 49819, anna teknisk support.

Frist for innsending av utkast til departementsomtale er 6. september. Utkasta må leverast både på papirutskrift og på 3,5" diskettar. Teksten på diskettane skal i tråd med forfattarverktøyet vere i Microsoft Word 6.0/7.0 eller Word97. Tabellane må ein settje opp slik dette er omtala i brukardokumentasjonen. Eventuelle bilete/figurar skal lagres både i formate EPS - Encapsulated PostScript og TIFF - Tagged Image File-Format.

## 4 FAGPROPOSISJONANE - TEKNISKE DIREKTIV

Fagproposisjonane skal utformast etter same mønster som dei siste åra, inkl. dei endringane det er gjort greie for i Rundskriv R-5/95 om nyordning om romartalsvedtak. Vi viser òg til dei reviderte retningslinjene frå Statsministerens kontor ("Om statsråd", pkt. 2.4.4 Utforming av vedtak). Vi refererer her dei viktigaste punkta når det gjeld utforminga av fagproposisjonane:

### 4.1 Forslag til vedtak

Forslag til vedtak om løyvingar i fagproposisjonane må vere likelydande med det manuskriptet som er godkjent til forslag til vedtak i Gul bok, sjå pkt. 3.2. Det gjeld både kronetal, stikkord og nemning på kapittel og post, med det unntaket at i ein fagproposisjon som er skriven på nynorsk, må også nemningar og stikkord vere på nynorsk.

Forslag til vedtak skal innleiaast med "I Løyvingar". Løyvingane skal fordelast på utgifter og inntekter grupperte kvar for seg. Sjå retningslinjer Om statsråd, side 49 og 50, frå Statsministerens kontor.

Forslag til vedtak om stillingar kom tidlegare inn under romartal II. Etter at Stortinget frå 1998-budsjettet vedtok å oppheve stillingssystemet, er dette ikkje med i forslag til vedtak. Behandlinga av organisatoriske stillingar i 2001-budsjettet er elles omtalt under pkt. 5.8.

Som romortal II og følgjande kjem forslag som Finansdepartementet har samtykt i om fullmakt til å bestille utstyr, til å gi tilsegn om statstilskott, om statsgaranti og eventuelle andre romartalsvedtak. Desse må formulerast i samsvar med det som blir ført opp i Gul bok.

## 4.2 Tabellar i innleiinga

Som tidlegare skal det i innleiinga vere minst tre standardtabellar:

- 1 Utgifter spesifiserte på programkategori og utgiftskapittel, med tal for 1999, 2000 (sjå pkt. 4.4) og 2001, og utrekning av prosentvis endring frå 2000 til 2001.
- 2 Tilsvarande tabell for inntekter.
- 3 Tabell med oppgåve over alle postar utanom postgruppe 30 - 49 der ein foreslår bruk av stikkordet "kan overførast". Sjå pkt. 6.4 i Hovudbudsjetttskrivet. I tabellen må ein føre opp forslaget til løyving og kor store beløp som er overførte per 1.1.2000 for kvar av dei aktuelle postane. Dessutan må ein gi ei kort grunngiving for kvifor ein vil nytte stikkordet.

## 4.3 Kapittelrekjkjefølgje

I teksten skal ein omtale kapittel i nummerrekjkjefølgje på utgiftskapittel innanfor kvar programkategori. Også statens forretningsdrift og statsbankane skal omtalast under den programkategorien der dei høyrer heime. Inntektskapittel som heng saman med eit utgiftskapittel, skal omtalast rett etter dette utgiftskapitlet.

## 4.4 Rekneskapstal for 1999 og løyving for 2000

I postoppstillinga under kvart kapittel skal det førast opp tre kolonner, med rekneskapstal for 1999 og løyving for 2000 ved sida av forslaget for 2001. Som løyving for 2000 skal ein nytte tala i saldert budsjett. Dersom det er vedteke store endringar i høve til saldert budsjett, må ein nemne det i kommentarane.

Oppføring av tal for rekneskap 1999 og løyving 2000 gjeld òg inntektskapittel. Sjølv om ein budsjetterer med 0 (null) i inntekt for 2000 (kombinert med meirinntektsfullmakt) er det viktig å ta med alle inntektspostar i posttabellen, slik at ein får fram rekneskapstal. Dersom det er oppretta inntektskapittel først i 2000, slik at det verken ligg føre rekneskapstal eller løyving for 2000, bør inntektskapitlet likevel nemnast kort i kommentarane.

## 4.5 Tabellar for underpostar

Som tidlegare skal ein ikkje ta inn underpostoppstilling under driftspostane. Den standardiserte kontoplanen som Finansdepartementet har utarbeidd, med underpostar og underunderpostar skal nyttast i løyvingsrekneskapen.

For andre postar må departementet i kvart tilfelle vurdere om det skal gi spesifikasjon på underpostar for å få fram den informasjon som er nødvendig for at prioriteringar i Stortinget skal kome til uttrykk, sjå Innst. S. nr. 176 (1990-91), side 6.

Når det blir sett opp tabell med spesifikasjon på underpostar, skal også rekneskapstal for 1999 spesifiserast på underpostar.

#### **4.6 Førsteutkast til fagproposisjon**

Vi viser til pkt. 4.5 i Hovudbudsjettettskrivet. For å halde god kontakt på administrativt plan mellom fagdepartement og Finansdepartementet ber vi om å få utkast til fagproposisjon innan 1. september 2000. Det er ikke nødvendig at teksten er komplett, men ein bør gjere merksam på kva for avsnitt som manglar. Viktige tillegg eller endringar i teksten kan sendast inn når dei er utarbeidde.

#### **4.7 Trykking**

Budsjettproposisjonen skal ha nemninga "St. prp. nr. 1 (2000-2001) for budsjetterminen 2001".

Departementet må levere endeleg manuskript til sin fagproposisjon til Statens forvaltingsteneste, Informasjonsforvaltning, teknisk redaksjon for regjeringsdokumentene og NoU, innan 11. september 2000.

Spørsmål om innlevering av manuskript kan rettast til Anne Bigseth tlf. 49805.

#### **4.8 Framlegg i statsråd**

Fagproposisjonane må leggjast fram i statsråd 15. september 2000.

### **5 KRAV TIL INNHALDET I FAGPROPOSISJONEN**

#### **5.1 Generelt**

Finansdepartementet minner om at statsministeren i rundskriv av 15. februar 1960, m.a. har gitt desse retningslinjene for utforming av teksten i fagproposisjonane:

"Man må ta sikte på at fagproposisjonene skal inneholde de opplysninger som antas å være av vesentlig betydning for vurderingen av hovedpunktene i budsjettforslagene.  
.....

Ved utformingen av fagproposisjonene må man ha for øyet at *de budsjettforslag som fremmes er Regjeringens budsjettforslag*. Kommentarene i fagproposisjonene må bare gi begrunnelse for de forslag som blir tatt med i det endelige budsjettforslag.  
.....

Man bør i fagproposisjonene unngå uforholdsmessig lange sitater av fagetaters budsjettforslag og begrunnelse. Man bør også avholde seg fra å sitere uttalelser fra tjenestemann som er ansatt i departementet, herunder slike direktorater og fagstyrer som må stilles på linje med en departementsavdeling i denne forbindelse. Ingen statstjenestemann, enten han er departementsmann eller sjef for et frittstående direktorat, har noe krav på at det i budsjettproplosisjonen blir redegjort for hans forslag eller at hans uttalelser blir referert med mindre det måtte foreligge særskilt hjemmel for det.

Fagetaters eller embetsmenns rent skjønnsmessige vurderinger bør, hva enten de faller sammen med den vurdering som proposisjonen bygger på eller avviker fra denne, bare refereres dersom uttalelsen representerer en spesiell sakkyndighet som det er behov for, men som departementet selv ikke er i besittelse av.”

I samsvar med desse retningslinjene må eit departement ikkje omtale planar som kan ha budsjettkonsekvensar eller andre økonomiske og administrative konsekvensar, utan at planen heilt ut er godkjend av Regjeringa. Kvart fagdepartement har det fulle ansvaret for at dette påleggget blir følgt. Dersom eit departement er i tvil om eit forslag går ut over tidlegare vedtak, må det ta dette opp med Finansdepartementet som særskild sak. Det kan ikkje reknast som førespurnad om godkjenning dersom ein utan merknad tek inn slik omtale i førsteutkastet til proposisjon.

## 5.2 Resultatstyring og -rapportering

Vi viser til kapittel 5 i Hovudbudsjetttskrivet om dei krav som er sette i økonomireglementet for staten med funksjonelle krav.

For statlege verksemder må ein i fagproposisjonen framleis betre omtalen for å få fram kva ein ønskjer å oppnå med løyvinga under kvart kapittel/kvar programkategori. Ein del av dagens omtale er på eit detaljnivå og av ein karakter som høyrer heime i kvart einskilt fagdepartement si styring av underliggende verksemder. Denne omtalen bør takast ut av fagproposisjonen. I fagproposisjonen bør ein i staden på meir overordna nivå omtale formålet med løyvingane og kva som faktisk er oppnådd/blir planlagt å oppnå.

## 5.3 Innleiing i fagproposisjonen

Innleiinga må gi eit samla oversyn over budsjettforslaget. Innleiinga må difor formulerast slik at ho kan tene som grunnlag for den generelle delen av innstillinga frå stortingskomiteen. Mål og hovudoppgåver for departementet får ein kort omtale. Det som her blir sagt om resultatstyring, må få god samanheng med omtalen under kvar programkategori, utan at det blir for mykje gjentaking.

Innleiinga skal m.a. ha ein kort omtale av miljøprofilen, jf. pkt. 2.4 over.

## 5.4 Utgreiing om heilårsverknad

For nye tiltak som ikkje blir sett i verk frå 1. januar 2001, er det viktig at Stortinget får informasjon om kva heilårsverknaden på statsbudsjettet blir frå 2002 eller seinare. Dette gjeld både nye tiltak som krev auka løying, og innstrammingstiltak.

## 5.5 Standardisert presentasjon av garantiar

Vi minner om dei utførlege retningslinjene i Rundskriv R-5/95 om Nyordning om romartalsvedtak for korleis ein skal presentere staten sitt garantiansvar i fagproposisjonane og kap 14 i dei funksjonelle krav i tilknyting til økonomireglementet.

Som nemnt under pkt. 2.5 ber Finansdepartementet om materiale knytt til garantiar for 2001. Kvart einskilt forslag vil bli drøfta med kvart departement.

## **5.6 Opplysning om kapitalbalanse i statens forretningsdrift og om renter i byggjetida**

Frå og med 1993 er det fastsett at ein skal gi opplysningar om dette i budsjettproposisjonen. Sjå pkt. 6.5.3 og 6.5.4 i Hovudbudsjettkskrivet.

## **5.7 Organisatoriske stillingar**

Frist for å levere inn forslag om nye organisatoriske stillingar er 11. juni, jf. Hovudbudsjettkskrivets pkt. 7. Finansdepartementet får bemanningsoversyn til bruk som vedlegg i Gul bok direkte frå Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Fagdepartementa treng difor ikkje å levere eigne oversyn til Finansdepartementet om dette.

## **5.8 Nye prosedyrar for behandling av samiske saker**

Regjeringa har etablert prosedyrar for handsaming av budsjettsaker som inneber ei sterkare samordning mellom departementa. Kommunal- og regionaldepartementet har det overordna samordningsansvar for samepolitikken til Regjeringa, medan det faglege ansvaret ligg i kvart einskilt fagdepartement.

Kopi av saker frå fagdepartementa som i særleg grad gjeld den samiske befolkningen må sendast til KRD. KRD vil utarbeide eit samla oversyn over desse sakene til augustkonferansen.

Fagdepartementa har ansvar for den faglege og budsjettmessige oppfølginga av samiske saker innanfor sitt politikkområde. Dette gjeld også for dei ordningane som Sametinget forvaltar. Endringa av budsjettprosedyrane gjeld alle samiske saker, og ikkje berre saker som har med budsjettet til Sametinget å gjere.

Budsjettproposisjonen frå Kommunal- og regionaldepartementet skal gi ei samla framstilling av de foreslårte løvvingene til samiske formål. Dei aktuelle departementet utarbeider tekstbidrag.

Frist for innlevering av bidrag frå departementa til Urfolks-, minoritets- og innvandringsavdelinga i Kommunal- og regionaldepartementet er sett til 1.8.2000.

## **5.9 Omtale av ledernes ansettelsesvilkår i heleide statlege foretak**

Finansdepartementet viser til brev frå statsminister Jens Stoltenberg til Stortinget, datert 12. april 2000 som svar på skriftleg spørsmål frå stortingsrepresentant Odd Roger Enoksen om praksis i statseide bedrifter. I brevet framgår det at Regjeringen vil innføre som praksis eit vedlegg til fagproplosjonane, kor det gis ein samla framstilling av leiarane sine tilsetningsvilkår i dei enkelte heleide statlege foretak.

Vi ber om at det i vedlegg til fagproplosjonane blir gitt følgjane opplysningar om ansettelsesvilkårene til dagleg leiar i heleide statlege foretak:

- Det skal opplystast om samlede utgifter til henholdsvis lønn, pensjonsforplikting og annan godtgjersle til dagleg leiar.

- Det skal opplyst om arten og omfanget av forpliktelser til dagleg leiar ved opphør eller endring av ansettelsesforhold. Tilsvarande gjeld avtaler om bonus, overskuddsdelingar, opsjoner og lignende til fordel for dagleg leiar.

## **5.10 Organisasjons- og strukturendringer i statsforvaltningen**

Vi vil be alle departementa om å omtale endringar i formell struktur innanfor sitt ansvarsområde saman med andre gjennomgåande tilhøve. For å kunne seie noe meir substansielt om omfanget av omstilling og det samla kontrollspennet som statsråden har, ber vi departementa om å gi ein del faktaopplysninger innleiingsvis.

Departementa skal vidare omtale organisasjons- og strukturendring innanfor dei einskilde forvaltningsorgana, status i omstillingsprosessen og økonomiske og personalmessige konsekvensar. Oppsettet skal også følgjast i kapittelomtalane.

*Ved spørsmål, ta kontakt med AAD ved rådgjevar Synnøve K. Bøen, tlf: 44805.*

### 5.10.1 Innleiingsvis

- Endring av *sektortilknytting*, (mellan stat og kommune, mellom offentleg og privat - eks delprivatisering)
- Endring av *tilknyttingsform* og endringar innanfor hovedkategoriane av tilknyttingsforma. Vi er her også opptekne av regulering i kraft av eiga lov.
- Vesentlege endringar i *finansieringsform* (oppdrag, bevilging, avgift, brutto/netto).
- Endring av *ansvars- og oppgåvefordeling* mellom statlege forvaltningsorgan (opprettning/nedlegging, overføring av oppgåver og styresmakt mellom ulike organ, eks departement til direktorat, eller mellom to direktorat).
- Endring av formaliserte *fullmakter* mht. fag, økonomi- og personaltihøve, o.a.

#### *Endring av organisering internt i ein etat*

Til dømes endring i ansvars- og oppgåvefordeling mellom ulike nivå i den einskilde etaten.

#### Kva er status i omstillingsprosessen?

Kva for ein fase er det omtalte endringsarbeidet knytta til: (utgreiingsfasen, vedtaksfasen, oppfølgingsfasen)?

Når det gjeld spørsmål til punktet om økonomiske og personalmessige konsekvenser er kontaktperson u. dir. Marit S. Reiersen, tlf. 44834.

#### Økonomiske og personalmessige konsekvenser av omstillingen innenfor statsforvaltningen og enkelte statlige selskaper

- Har omstillinga medført behov for ekstra ressursar, eller har intern omdisponering vært tilstrekkeleg? Har omstillinga medført reelle omprioriteringar, eventuelt innsparingar?
- Har det som ein del av omstillingsprosessen vært iverksett spesielle personalmessige tiltak, og korleis har desse eventuelt vært finansiert?

- Har omstillinga fått personalmessige konsekvensar i form av nedbemanning, endring av arbeidsgivaransvaret, endringar i samansettinga av personalet, eller endra krav til kompetanse?

#### 5.10.3 Under omtalen av dei einskilde etatane/verksemndene (kapittelomtalane)

Her bør ein gjennomgåande gi opplysningar om kva slags etat/verksemd det dreier seg om. For ordinære forvaltningsorgan helst også opplysningar om eventuelle særskilde fullmakter mht. økonomi- og personalforvalting og om regulering i eiga lov med meir.

- Status for endring i tilknyttingsform/formelle trekk ved organisering og styring av kvar av dei einskilde verksemndene under dei ulike departementa (type forvaltningorgan / selskap/stiftelse, styringsorgan med meir)
- Status for endring i finansiering (bl.a. økonomiske fullmakter og inntektskrav)
- Status for endring i personalpolitiske tilhøve (særskilde fullmakter m.m.)

## 6 SÆRSKILT OM TILSKOTTSLOYVINGAR

### 6.1 Generelt om omtale av tilskottsløyvingar

Finansdepartementet viser til økonomireglementet og dei funksjonelle krav om kva for omtale tilskottsløyvingar skal ha i budsjettproposisjonen, med målsetjing, oppfølgingskriterium, kontrollmetodar og eventuelt reglar om korleis tilskottet blir rekna ut. Sjå særleg funksjonelle krav pkt. 11-1, 12-1 og 13-1.

Forvaltninga av tilskottsløyvingane må følgje reglane i dei funksjonelle krav kap. 11,12 og 13.

### 6.2 Opplysning om den samla finansieringa av private og halvoffentlege institusjonar

På budsjettet blir det ført opp ei rad øyremerkte løyvingar til namngjevne private og halvoffentlege institusjonar. Dei same institusjonane kan også få statsstøtte frå andre statlege løyvingar eller statlege fond. Riksrevisjonen og Finansdepartementet meiner at Stortinget må få opplysningar om den samla offentlege finansieringa av drifta av norske private og halvoffentlege institusjonar/organisasjonar.

Når det øyremerkte tilskottet er på minst 2 mill. kroner, skal det i fagproposisjonen takast inn opplysningar om:

- siste års rekneskap for vedkomande institusjon
- korleis den ordinære drifta blir finansiert med eigne inntekter, tilskott over statsbudsjettet (med tilvising til kapittel og post) og frå andre, t.d. frå statsfond. Det er ikkje nødvendig å ta med tidsavgrensa stønad til prosjekt o.l.

Når det blir ført opp administrasjonstilskott til private og halvoffentlege institusjonar, må ein ikkje gi inntrykk av at personalet i slike institusjonar blir rekna på som statstilsette.

### **6.3 Atterhald om tilbakebetaling av statstilskott til bygg og anlegg**

Finansdepartementet har fastsett desse reglane om tilbakebetaling av statstilskott til bygg og anlegg som ikkje er kommunale eller fylkeskommunale:

- Når ein gir tilsegn om statstilskott til bygg og anlegg som ikkje er kommunale eller fylkeskommunale, skal ein til vanleg ta atterhald om at tilskottet kan krevjast betalt attende dersom bygget eller anlegget ikkje blir nyttå etter føresetnadene.
- Det same gjeld dersom bygget/anlegget ved sal, gave, arv, tvangsføring eller på annan måte blir overført til tredjemann.
- Ein må vurdere om tilbakebetalingskravet bør sikrast med pant, eller om ein bør ta atterhald om rett til motrekning i andre investerings- eller driftstilskott som vedkomande tilskottsmottakar har krav på.
- Det kan setjast ein frist for å gjere gjeldande krav om tilbakebetaling.

## **7 BUDSJETTFORSLAG SOM HAR VERKNAD FOR KOMMUNAR OG FYLKESKOMMUNAR**

Det er viktig at kommunar og fylkeskommunar får nok tid til å gjennomføre tiltak som følgjer av forslag i budsjettproposisjonen. Vi ber kvart departement om å melde slike budsjettforslag til kommunar/fylkeskommunar så snart budsjettproposisjonen er lagd fram for Stortinget.

Når det er nødvendig for utarbeiding av fylkesbudsjetta, kan ein gi opplysningar til fylkesmenn og fylkeskommunale styresmakter før St. prp. nr. 1 er levert til Stortinget. Ein må i slike høve ta atterhald om at opplysningane er fortrulege.

## **8 OVERSLAG OVER BEHOV FOR TILLEGGSLØYVINGAR 2. HALVÅR FOR 2000-BUDSJETTET**

Regjeringa vedtok 20. mars at for å få ein best mulig oversikt over budsjettituasjonen 2. halvår i forbindelse med budsjettframleggelsen for 2001 bør det være ein ekstra innrapportering til Finansdepartementet om strengt nødvendige utgiftsøkninger 2. halvår 2000. Vi ber difor kvart departement om å utarbeide overslag for sine område.

Først seinare i terminen kan det takast endeleg stilling til kva for forslag som skal leggjast fram for Stortinget. Innrapporteringa ajourføres medio oktober med siktet på felles regjeringsbehandling i begynnelsen av november. Vi er difor klar over at oversлага må bli nokså grove, og at dei seinare kan bli korrigerte.

Vi ber òg om at dei samla overslaga frå departementa over auke og reduksjonar blir fordelt på postgrupper på følgjande måte:

Post 01, undergruppe 01	Lønn og godtgjersle
“ 01, undergruppe 02	Varer og tjenester

til og med post 24	Andre driftsutgifter
“ 30-49	Bygg og anlegg o a
“ 60-69	Overføringar til kommunar
“ 50-59 og	
“ 70-89	Andre overføringar
“ 90-99	Lånetransaksjonar

Overslaga må sendast til Finansavdelinga innan 21. august.

## 9 TEIEPLIKT OG UNNTAK FRÅ OFFENTLEGGJERING

Finansdepartementet minner om dei reglar som gjeld, og som står i Retningslinjer frå Statsministerens kontor “Om statsråd” (B-0501) pkt. 6.4. Vi viser til desse retningslinjene.

Med helsing

*Ole K. Hovland*  
Ole K. Hovland  
Ekspedisjonssjef

*Pål Ulla*  
Pål Ulla  
Avdelingsdirektør

Kontaktperson: Rådgjevar Trond Tørstad, tlf: 44321.